



Sakspapir

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
18/1114- 18/7825	K1 - 145, K1 - 151	Jostein Bergset	30.11.2018

Drifts og investeringsbudsjett for Aurland hamnevesen KF 2019

Saka gjeld:

Framlegg til drifts og investeringsbudsjett for Aurland hamnvesen KF 2019.

Regulativ 2019 og betalingssatsar 2019 og avtale mellom lokale fartøy og hamnevesenet.

Tilråding frå Aurland hamnestyre:

Aurland kommunestyre vedtek drifts og investeringsbudsjett for Aurland hamnevesen KF 2019, regulativ Aurland hamnevesen KF 2019 slik det ligg føre.

Aurland kommunestyre tek betalingssatsar 2019 for Aurland hamnevesen KF, avtale mellom lokale fartøy og hamnevesenet, og økonomiplan 2019-2022 for Aurland hamnevesen KF til vitande.

Saksframlegg

Administrasjonen i Aurland hamnevesen KF la fram budsjettet for 2019 til handsaming i hamnestyret 21.11.2018.

I samsvar med regelverket skal budsjettet vere godkjent av Aurland kommunestyre før det er gyldig. Hamnesjefen meiner at budsjettet er ansvarleg ut frå dei tilhøve som ligg føre.

046/18: Drifts og investeringsbudsjett for Aurland hamnevesen KF 2019

Tilråding frå hamnesjefen:

Styret i Aurland hamnevesen KF vedtar drifts og investeringsbudsjett 2019 for Aurland hamnevesen KF slik det ligg føre. Hamnestyret vedtek nytt lånepunkt på 8 millionar kroner. Aurland kommune tek opp lånnet og lånner vidare til føretaket.

Styret i Aurland hamnevesen KF vedtar handlingsplan 2019, regulativ 2019 og betalingssatsar 2019 og avtale mellom lokale fartøy og hamnevesenet.

21.11.2018 Aurland hamnestyre

Tilleggsforslag:

Tilleggsframlegg frå Anders Fretheim(MDG):

1. Nytt punkt under "Rederi og Fartøy forpliktar" i avtale mellom lokale fartøy og hamnevesenet:

- Fartøy skal utvise aktsomheit og avpasse farten etter fartøyets størrelse, konstruksjon, manøvreringsevne og farvannsforholda, slik at det ikke ved bølgeslag eller på anna måte oppstår skade eller fare for skade på personar, av dette badende, andre fartøy, farvatnets strandlinjer, kaier, akvakulturanlegg eller omgivnad for øvrig.

2. Handlingsplanen 2019 somframlegg med desse endringane:

Under "Handling/Tiltak":

Tillegg til siste strekpunkt: "Så ein unngår skade på personar, andre fartøy, strandlinjer og eigedommar."

Nye strekpunkt:

*- Få på plass videoovervåking av indre fjordbasseng i Flåm og Gudvangen.
- Dokumentere tilstand på strandlinja i indre fjordbasseng i Flåm og Gudvangen.*

Under "Djupvasskai":

- Nytt punkt:

Før ein evt. vurderer ei utviding utover vanleg liggetid for skipa skal landstraum vera på plass og det er eit krav at skipa skal vera tilkobla landstraum.

Framlegg frå Noralv Distad(H):

Styret i Aurland hamnevesen KF vedtar drifts og investeringsbudsjett 2019, regulativ 2019 og betalingssatsar 2019 for Aurland hamnevesen KF slik det ligg føre.

Styret i Aurland hamnevesen KF godkjenner avtale mellom lokale fartøy og hamnevesenet, med tilleggsframleg nr 1. frå Anders Fretheim.

Styret i Aurland hamnevesen KF ønskjer at framlagt handlingsplan vert nytta som utgangspunkt i det vidare arbeidet med ein hamneplan og at tilleggsframlegg frå Andres Fretheim nr 2 vert teken med som innspel i det vidare arbeidet.

Handsaming i møte:

Framlegg frå Noralv Distad med tilleggsframlegg nr 1 frå Anders Fretheim vart samrøystes vedteke

HAMN- 046/18 Vedtak:

Styret i Aurland hamnevesen KF vedtek drifts og investeringsbudsjett 2019, regulativ 2019 og betalingssatsar 2019 for Aurland hamnevesen KF slik det ligg føre.

Styret i Aurland hamnevesen KF vedtek avtale mellom lokale fartøy og hamnevesenet, med nytt punkt under "Rederi og Fartøy forpliktar":

- Fartøy skal utvise aktsomheit og avpasse farten etter fartøyets størrelse, konstruksjon, manøvreringsevne og farvannsforholda, slik at det ikke ved bølgeslag eller på anna måte oppstår skade eller fare for skade på personar, av dette badende, andre fartøy, farvatnets strandlinjer, kaier, akvakulturanlegg eller omgivnad for øvrig.

Styret i Aurland hamnevesen KF ønskjer at framlagt handlingsplan vert nytta som utgangspunkt i det vidare arbeidet med ein hamneplan og at tilleggsframlegg frå Andres Fretheim nr 2 vert teken med som innspel i det vidare arbeidet.

Bakgrunn

Administrasjonen i Aurland hamnevesen KF la fram budsjettet for 2019 til handsaming i hamnestyret. I samsvar med regelverket skal budsjettet vere godkjent av Aurland kommunestyre før det er gyldig. Hamnesjefen meiner at budsjettet er ansvarleg ut frå dei tilhøve som ligg føre.

Ein føreset at avgifter og vederlag er tilstrekkeleg til å dekke hamna sine utgifter.

Avgiftsregulativet for 2019 er foreslått å bli redusert til eit minimum grunna mistanke om at delar av avgifta har vert innkravd på feil grunnlag. Vederlaga er auka tilsvarende som avgifta er redusert og resultatet vil bli tilsvarende likt for føretaket.

Avgift vert kravd innanfor området i samsvar med lov om hamner og farvatn §9.

Anløpsavgift vert kravd innanfor hamneområdet etter lov om hamner og farvatn §25 og er sjølvfinansierande.

Sidan dei norske hamnene i utgangspunktet skal vere sjølvfinansierande, er det viktig å ha eit budsjett som er tilpassa aktiviteten, men som også gir rom for finansiering av nødvendige investeringar for utvikling.

Økonomiplan 2019 – 2022 for Aurland hamnevesen KF vart fremja som eiga sak, og vert lagt fram for Aurland kommunestyre til orientering.

Det er foreslått ein del endringar i regulativ og vederlag for 2019, blant anna:

- Reduksjon av Anløpsavgifta, kaivederlag vert auka tilsvarende.
- Det vert satt ei minsteavgift på både anløpsavgift og kaivederlag.
- ESI-rabatt vert gjeve på både anløpsavgift og kaivederlag i 2019 i påvente av innføring av EPI frå og med 01.01.2020.
- Fortøyingsvederlaget vert redusert noko og delt opp i vederlag for bruk av fortøyingsinfrastruktur og vederlag for å fortøye/kaste loss.
- Pris for bruk av tenderkai til cruiseskip på anker vert auka til kr 20,- pr passasjer.
- ISPS-vederlag vert auka i liten grad og det vert krevd ISPS-vederlag for heile anløpet ved kansellering/endring seinare enn 24 timer før planlagt ankomst.
- RIB-fartøy betaler kr 10,- pr passasjer
- Prissystemet for fartøy i rutetrafikk/chartertrafikk vert endra og prisane vert auka for 2019.
- Det er laga til ein avtale mellom lokale fartøy og hamnevesenet som gjev lavare prisar for fartøya, men gjev ein del forpliktingar for fartøy.
- Det er ikkje henta inn anbod på levering av avfall frå cruiseskip. Dette vil bli gjennomført før sesongen og det er planlagt å bruke renovatør sine prisar + 20%.
- Pris for vatn er auka og straum så vert kostnaden for avlesning inkludert i prisen, dvs. noko auka.

Følgjande er ført opp i investeringsbudsjettet:

- | | |
|---------------------------------------|-----------------|
| - Frie midlar til investering | kr 5.000.000,- |
| - Luftmåling | kr 1.110.000,- |
| - Kloakkmottaksanlegg | kr 4.000.000,- |
| - Ny flytekai eller kai i Gudvangen | kr 4.000.000,- |
| - Forlenging av cruisekaia i Flåm | kr 100.000,- |
| - Etablering av landstraum til cruise | kr 100.000,- |
| - Ny fergebru i Gudvangen | kr 50.000,- |
| - Ny fergebru i Flåm/Aurland | kr 50.000,- |
| - Totalrenovering av trekai i Flåm | kr 100.000,- |
| Totalt: | Kr 15.484.000,- |

Om lag kr 550.000,- utgjer diverse konsulenttenester/prosjektering og vert finansiert gjennom tidligare års overskudd(fond).

Kr 13,960 million er satt av til investeringar derav kr 8,0 million som vert lånefinansiert.

Frie midlar til investering vert finansiert gjennom bruk av årets overskudd og tidligare års overskudd.

Det er planlagt at hamnevesenet skal dekke investering av luftmåling og få refundert 50% av kostnaden av kommunen.

Uprenta vedlegg til saka: